



Statens vegvesen

Referat

Møtedato: 31.01.2025

Tid: 0900 –11.30

Referent: Hilde Johanne Svendsen

Saksbehandler: Hilde Johanne Svendsen

Tlf. saksbeh.

Vår dato: 05.02.2025

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	1–2025
Stad:	NMK, Ålesund
Møteleiar:	Øystein Tvedt
Til stades:	<p><u>Styringsgruppa:</u> Ålesund kommune (ÅK): Øystein Tvedt, Hans Kjetil Knutsen, Tore Johan Øvstebø Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK): Hans Olav Myklebust, Harry Valderhaug Statens vegvesen (SVV): Cathrine Helle–Tautra, Ove Nesje</p> <p><u>Sekretariatet:</u> Daniel Rönqvist (ÅK), Eduardo Martinez Gutierrez (MRFK), Kjetil Sporseem (SVV), Sunniva Ullavik Erstad (ÅK), Hilde Johanne Svendsen (SVV)</p> <p><u>Andre:</u> ÅK: Sol Berntsen Slinning, Miroslav Vasilev, Pergunn Rødseth Gjerdsbakk, Malin Anna Ramnemo MRFK: Jesper Wiig, Torbjørn Vatnehol SVV: Ole Kristian Birkeland, Kåre Mittet Rolandsen</p>
Forfall:	Kjetil Strand (SVV)
Kopi til:	Fyll inn

Sak 1/25 Innleiing ved leiar for styringsgruppa

Namneopprop: Styringsgruppa sine faste medlemmer var til stades, med unnatak av Kjetil Strand (SVV) som hadde meldt forfall til møtet. Cathrine Helle–Tautra (SVV) møtte for Kjetil Strand.

Innmeldte saker under eventuelt.

- Statens vegvesen: Endring i sekretariatet for bypakken.
- Hans Olav Myklebust (MRFK): Status for prosjekt i Spjelkavika

Sak 2/25 Oppfølging internrevisjon av prosjektporteføljen i Bypakke Ålesund

Kjetil Sporseem presenterte saka.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Auka styringsramme, vedtatt møte 3–2025, på 21 mill. kroner (2023) for tiltaket E136 Brosundbro/Waterfront blir foreslått dekket inn ved å redusere ramma for tiltaket E39 Myrland, påkjøringsrampe tilsvarande.

Reduserte inntekter i Bypakke Ålesund, som følgje av betydeleg lågare gjennomsnittstakst enn føresettt i bompengeproposisjonen, gjer det nødvendig å gjere tilpassingar for tidspunkt for oppstart av prosjekta. Prosjektporteføljen i bypakken er heller ikkje finansiert med dagens føresetnader. Prosjektet E136 Lerstادتoppen – Campus Ålesund har i tillegg fått redusert omfang som følgje av kostnadsauke (sak i møte 8–2024).

Styringsrammene for ID7 «Gang- og sykkelvei, trafikksikkerhet og kollektiv » og ID11 «Planlegging og prosjektering» blir foreslått uendra.

Oppstart av ID4 Kollektivknutepunkt ved Campus, ID6 E136 Lerstادتoppen–Campus Ålesund og ID9 E39 Myrland, påkjøringsrampe blir foreslått flytta til 2029–2037 for å kunne starte opp ID1 E136 Brosundbro/Waterfront i perioden 2025–2028. Oppstart av ID1 E136 Brosundbro/Waterfront blir foreslått tilpassa slik at første rekvirering av bompengar er i 2026.

Protokoll:

Styringsgruppa støtta tilrådinga, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Styringsrammen for E39 Myrland reduseres med 21 mill. kroner (2023), til inndekning av økt styringsramme for E136 Brosundbro/Waterfront.
2. Styringsrammene for Post 7 og Post 11 fastholdes, med anledning for nye oppstarter i kommende handlingsprogramperiode.
3. Oppstart av ID 4, 6 og 9 skyves ut til gjenstående periode 2029–2037 for å muliggjøre oppstart av ID 1 i perioden 2025–2028.
4. Oppstart av ID 1 forskyves 1 år, med første bompengenebehov i 2026.

Sak 3/25 Søknad om tilskuddsmidler til klima- og miljøvennlig byutvikling for regionbyer

Eduardo Martinez Gutierrez presenterte saka med ei justert prioriteringsliste.

Kortversjon av innhaldet i saka:

I Prop. 1 S (2024–2025) for Samferdselsdepartementet, s. 123–124 er det etablert ei ordning om «tilskudd til klima- og miljøvennlig byutvikling og god framkommelighet i mindre byområder», der fem byområde kan søke om fireårige avtaler dersom dei oppfyller gitte kriteria. Avtalane blir inngått med føresetnad som Stortinget si årlege løyving.

I søknaden må bypakken må vise til ein balansert tiltaks –og finansieringsplan som viser korleis midlane er planlagt fordelt per år og samla over avtaleperioden. Søknaden må ha ein kortfatta omtale av korleis partane samla sett, legg opp til å nå nullvekstmålet i bypakken si levetid.

Følgjande justerte tilråding vart vist i presentasjon i møte:

1. Kolvikbakken – 8,5 mill. kr – 2025
2. Utvidelse av sykkelfelt Vindgårdsskiftet – 10 mill.kr – 2025
3. Fortau Ytre Hessen – Prosjektutvidelse – 4 mill.kr – 2025
4. Lerstadbakken busstopp – 2,5 mill.kr – 2026
5. Busstopp E136 Volsdalen/CL – 10 mill.kr – 2027
6. Sykkelveg med forttau mellom Meierikaia og Colorline stadion – 10 mill.kr – 2027
7. Flisnesvegen – Flisnesbakken – 3,5 mill.kr – 2028
8. Snuplass Fremmerholen – 5 mill.kr – 2028

Protokoll:

Ålesund kommune foreslo at tiltaket Kolvikbakken vart tatt ut av lista med bakgrunn i usikkerheit om behov for ny reguleringsplan. Styringsgruppa slutta seg til dette.

Møre og Romsdal fylkeskommune framheva prosjekt 4 Lerstادتoppen busstopp og prosjekt 5 Busstopp E136 Volsdalen/Colorline som sær s viktige for kollektivtrafikken, og bad om at prosjekt 5 Busstopp E136 Volsdalen/ Colorline vart flytta opp på plass 3 på lista og med midlar i 2026. Styringsgruppa slutta seg til dette, og la inn auka finansiering frå 10 og til 20 mill. kroner for prosjektet E136 Busstopp Volsdalen/ Colorline.

Statens vegvesen stilte spørsmål om sekretariatet kan få fullmakt til å justere årstal for oppstart/gjennomføring av prosjekta om nødvendig, slik at søknaden kan bli sendt inn innan fristen 15. februar. Styringsgruppa slutta seg til dette.

Styringsgruppa gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Bypakke Ålesund vedtar å fremme følgjande prosjekt i prioritert rekkefølge til ordning «Statlige tilskudd til klima –og miljøvennlig byutvikling for regionbyer»

1. Utvidelse av sykkelfelt Vindgårdsskiftet – 10 mill.kr – 2025
2. Fortau Ytre Hessen – Prosjektutvidelse – 4 mill.kr – 2025
3. Busstopp E136 Volsdalen/CL – 20 mill.kr – 2026
4. Lerstadbakken busstopp – 2,5 mill.kr – 2026
5. Sykkelveg med forttau mellom Meierikaia og Colorline stadion – 10 mill.kr – 2027
6. Flisnesvegen – Flisnesbakken – 3,5 mill.kr – 2028
7. Snuplass Fremmerholen – 5 mill.kr – 2028

Sak 4/25 Vurdering av utvidet prosjektformål og ramme for Fortau Ytre Hessen

Daniel Rønnqvist presenterte saka.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Fortau Ytre Hessen er et Trygt skoleveg-prosjekt som primært har som formål å ivareta sikkerheten for myke trafikanter. I den vestlige enden av Ytre Hessen er det i dag kun ett og et halvt kjørefelt, noe som medfører at busser og andre trafikantgrupper må stanse i én retning når kjøretøy møtes.

Det nåværende prosjektet inkluderer ikke utvidelse til to kjørefelt, da dette faller utenfor prosjektets opprinnelige formål og kostnadsramme.

Administrasjonen ønsker derfor at Styringsgruppen tar stilling til om prosjektformålet bør utvides til også å inkludere kollektivtransport og andre trafikkgrupper. En slik utvidelse vil innebære etablering av to fullverdige kjørefelt og ny kryssløsning for Sukkertoppvegen.

Protokoll:

Styringsgruppa støtta tilrådinga, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styringsgruppen vedtar å utvide prosjektets formål og ramme til å inkludere en ny kryssløsning og to kjørefelt, og øker prosjektets ramme med 4 000 000,- 2024-kr.

Dersom en ikke lykkes med å gjennomføre nødvendige grunnerverv, opprettholdes prosjektets opprinnelige ramme og formål.

Den økte finansieringen dekkes gjennom uspesifisert midler under Post 7 (ca 60 mill kr. gjestående). Om mulig, vil det benyttes tilskuddsmidler for 2025 for overnevnt tiltak.

Sak 5/25: Orientering kommunikasjon

Sunniva Ullavik Erstad orienterte.

Kortversjon av innhaldet i presentasjonen:

Det vart orientert om kommunikasjonen rundt Bypakke Ålesund og prosjekta våre sidan sist, både i media og på sosiale media. Nokre prosjekt vart omtalt særskild, blant anna kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum, E136 Breivika – Lerstad og E136 Campus – Lerstad. Det er også stor interesse for dei mindre tiltaka, som ofte betyr mykje for dei som ferdast i området. Prisjusteringa av bompengar har fått svært lite omtale, inkludert lite debatt i sosiale media. Det er ei auke i talet på kommentarar om elbilrabatten, der dei som uttalar seg er positive til reduksjon i rabatten og viser til at prisen burde vore lik for alle. Kommunikasjon påpeika at det er stor interesse blant innbyggjarane for detaljert informasjon om konkrete tiltak, og naturleg nok er mange opptekne av detaljane om korleis det blir i eigne nabolag. Vi jobbar aktivt med å dele den informasjonen vi til ei kvar tid har.

Protokoll:

Styringsgruppa støtta tilrådinga, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styringsgruppa tar saken til orientering.

Sak 6/25 Eventuelt

Ålesund kommune bad under behandling av sak 3/25 om ei sak om innfartsparkering og moglegheiter i bypakken. Styringsgruppa vart einige om å først be om ei orientering.

Møre og Romsdal fylkeskommune bad under behandling av sak 3/25 om ei sak om moglegheiter for gåande og syklende over Steinvågbrua. Styringsgruppa var einige om å først be om ei orientering.

Statens vegvesen orienterte om at det blir bytte av sekretariatsleiar. Hilde Johanne Svendsen tar over etter Kjetil Sporseem.

Møre og Romsdal ønska orientering om busstopp i Spjelkavikveien. Kommunen orienterte om prosjektet, og om at det er planlagt ferdigstilling i april.

Sekretariatet orienterte om at det var planlagt omvising for styringsgruppa på prosjektet E136 Breivika – Lerstad i samband med møte i styringsgruppa 23. mai. Styringsgruppa støtta forslaget. Det blir fysisk møte og utvida møtetid. Styringsgruppa hadde i tillegg ønske om ei generell omvising på prosjekta i bypakken, og bad om ein eigen dag for dette.